

**Instruks Voss Reiselivsråd**  
 (styringsgruppe Visit Voss)  
**I Hardanger og Voss Næringshage.**

Struktur	Visit Voss (VV) er fra 01.01.2021 ein del av Hardanger og Voss Næringshage (HVN) med eigne medlemer, avdelingsrekneskap, leiar/prosjektleiar og styringsgruppe.
Formål	Voss Reiselivsråd (styringsgruppe Visit Voss) er ei gruppe som representerer bedriftene som har valt reiselivspakke (Visit Voss medlemskap) i HVN.
Visjon og strategi	Visit Voss styrer etter strategien for HVN og ny reiselivsstrategi for Voss. Med utgangspunkt i disse vert det laga årlege handlingsplanar for Visit Voss vedteke i Voss Reiselivsråd.
Økonomi	Visit Voss sine medlemer betaler ei avgift som blir bestemt ut frå ei prosentvis sats av omsetninga. Alle inntekter og utgifter som direkte råkar Visit Voss blir ført som eige avdelings-rekneskap under HVN. Felleskostnader blir fordelt etter ein fordelingsnøkkel som blir bestemt av hovudstyret i HVN. Som felleskostnader blir rekna andel av kostnad til IT, regnskap, forsikring etc. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Medlemer som skuldar kontingent for meir enn eitt år har ikkje stemmerett eller andre medlemsrettar, og kan strykast som medlem av organisasjonen. Vedkomande bedrift kan ikkje verta medlem på nytt før skuldig kontingent er betalt.</li> </ul>
Utmelding	Utmelding skal gjerast skriftleg til Visit Voss/ HVN. Utmelding kan gjerast når som helst, men det vert kravd kontingent for komande fakturaperiode. Medlemskapet varer ut den betalte perioden.
Gjeremål styringsgruppa	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Styringsgruppa utarbeider strategi og handlingsplanar, og prioritærer budsjett innanfor overordna ramme og strategi gitt av hovudstyret og dagleg leiar i HVN .</li> <li>• Medlemer i styringsgruppa skal ivareta reiselivsverksemda sine interesser, sikra ein forsvarleg økonomi og bidra til gjennomføring av prosjekt.</li> <li>• Styringsgruppa skal jobbe for å rekruttere nye medlemar i VV.</li> <li>• Styringsgruppa kan oppretta sjølvstendige prosjektgrupper. Det bør være minimum eitt medlem frå styringsgruppa i prosjektgruppa og/eller med jamleg rapportering til styringsgruppa.</li> </ul>

Forventningar til styringsgruppa	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Aktiv deltaking i møta til styringsgruppa, med 4-6 årlege møter.</li> <li>• Arbeida for at det skjer ein positiv utvikling for næringsdrivande i Visit Voss.</li> <li>• Arbeida for Voss som destinasjon frå eit heilskapsperspektiv.</li> <li>• Ikkje sette bedriftsspesifikke interesser i forgrunnen for organisasjonen.</li> </ul>
Tal/varigheit	<p>Styringsgruppa består av 7 personar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Styremedlemer blir valt for to år, mens leiar blir valt for eitt år. Styringsgruppa konstituerer seg sjølv. Det bør bli valt to eller tre medlemer i valnemnda, som blir valt for to år.</li> </ul>
Samansetting Reiselivsrådet	<p>Styringsgruppa består av 7 personar. Kultur, aktivitet- og overnattingssverksemder skal vere representert. Valkomiteen må sikre at dei største medlemsverksemndene i Visit Voss vert representert i Reiselivsrådet.</p> <p>Begge kjønn skal vera representert.</p>
Medlemsmøte	<p>Det skal haldast medlemsmøte i Visit Voss kvart år innan utgangen av februar, med tre veker varsel.</p> <p>Medlemmene vel representantar til Voss Reiselivsråd Medlemmene vel reiselivsrepresentant til Voss næringsråd.</p> <p>Saker som medlemer ønskjer å handsama på medlemsmøte må sendast styringsgruppa seinast to veker før medlemsmøtet.</p> <p>Styringsgruppa pliktar å leggja fram saker som kjem inn til rett tid.</p> <p>Dersom nokon av dei frammøtte på medlemsmøte ynskjer skriftleg val, skal dette bli gjennomført.</p> <p>Endring av dette dokument kan gjerast av styret i HVN.</p>
Nominasjon	<p>Representantar i styringsgruppa skal innstillast av ei valnemnd beståande av to eller tre personar som blir valt på medlemsmøtet.</p> <p>Alle medlemer kan senda forslag til valnemnda om representantar, eller kome med forslag på medlemsmøtet.</p> <p>Tilsette og eigarar i medlemsbedrifter kan veljast til tillitsverv i VV.</p> <p>Andre som valnemnda ser som særskild eigna til å gjera ein jobb i styret kan og stilla til val.</p>
Godtgjering/ honorar	Medlemene i styringsgruppa vert invitert på ei årleg samling dekka av Visit Voss
Anna/utmelding	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Visit Voss har ikkje eige organisasjonsnummer, og følgjer Hardanger og Voss Næringshage sine vedtekter. Ved eventuell motstrid med denne instruks skal Hardanger og Voss Næringshage sine vedteker vera gjelande.</li> </ul>